# Skotårsfesten 14de februar 1932.

Tone: Irelandssekten.

Velkomen skal de vera
i kveld til skotårsfest!
Me gjentor no spanderar
kom gutar var vår gjest.
Fyrst skal me eta drikka
og sidan dansen går.
Og so me gjentor friar
og kvar sin kjærast får.
Aa få seg tolv par hanskar
det kann vel vera bra;
men helst me alle saman
ein kjærast vil oss ha.

Og derfor her me skipar
i kveld til skotårsfest
det früng er det gjelder
i kveld då aller mest.
Og so vil me då vona
at me i kveld må få
ein skotårsfest med
hugnad so det kann rett
forslå. Når klokka so vert
mange og natti lider ût
So takkar me for laget
og fylgjer heim vår gut.